

– Australske soldatar kjempa for fridom vår

– Dei kom frå andre sida av jorda og kjempa for at vi skulle bli eit fritt land.

Det var Ove Røv som peikte på dette i talen ved bautaein på Lianeset. Bauten er sett opp til minne om dei allierte sitt flyåtak på tyske båtar i Ørstafjorden i 1944, der to australske flygarar omkom.

Det blei lagt ned blomsterhelsingar både frå Ørsta kommune, slektningane i Australia og Ørsta Rotaryklubb på 17. mai. I Ove Røv sin tale minte han oss på at under den største krigsaktiviteten i Ørsta, 5. desember 1944, omkom både navigatøren og flygaren i flyet

som blei nedskote. Og det var altså to unge menn frå det australske flyvåpenet som gav livet sitt i kampen for at vi skulle bli eit fritt land igjen under andre verdskrig.

Det var dei to tyske skipa Radbod og Albert Janus som blei angripne og senka i eit flyangrep med totalt 21 fly. Eitt av flya blei skote ned av tyskarane og begge i flyet, Frederic Gordon Sides og Austin Hakevill, omkom. Navigatøren, Frederic Gordon Sides, omkom i fallet etter at han skaut seg ut.

Mangeårig rotarymedlem, Sverre Hagen i Ørsta fann fallskjermen etter den omkomne navigatøren og overleverte fallskjermen til familien i Australia. Ørsta Rotaryklubb og Sverre Hagen har vore ein pådrivar for å hal-



– Vi er dei allierte sin innsats for fridom og demokrati djupt takksame, og vi må aldri gløyme, sa Guttorm Hagen på minnemarkeringa på Lianeset. Medlemmer av Norske Reserveoffiserers Forening, heimevernet og HV-ungdom står for seremonien i samarbeid med Ørsta Rotaryklubb.

de minnesmerket på Lianeset i stand.

Lensmann Guttorm Hagen peikte i sin tale på dei allierte sin innsats i kampen for fridom og demokrati.

– Og det markerer vi her med æresvakt både frå Heimevernet og HV-ungdom. Vi må aldri gløyme, avslutta Hagen.

Geir Høydalsvik